

Meland kommune

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Utval for levekår	12.04.2011	HEK	034/11
Formannskapet	13.04.2011	HEK	053/11

Avgjerd av: Formannskapet Saksbeh.: Helge Kvam	Ansv. HEK	Arkiv: N-000, N-393	Arkivsaknr 11/580
---	--------------	------------------------	----------------------

HØYRING - FRAMLEGG TIL NY BUSETJINGSMODELL - FLYKTNINGAR

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	24.03.2011	KS	HØYRING - FRAMLEGG TIL NY BUSETJINGSMODELL
1	I	24.03.2011	Barne- og likestillings- og inkluderingsdepartementet	HØYRING - FRAMLEGG TIL BUSETJINGSORDNING FOR FLYKTNINGAR MED MÅL OM RASKARE BUSETJING.

Saksutgreiing:

Administrasjon viser til høyringsbrev datert 31.01.11 frå Barne- og likestillings- og inkluderingsdepartementet samt høyringssvar datert 02.03.11 frå KS jamfør framlegg til ny busetjingsmodell- flyktingar (vedlegg).

Administrasjon har vurdert høyringsbrev og støttar argumentasjon og merknadar frå KS. Administrasjon vil her særskilt peike på eit moment der KS skriv:

"KS går imot forslaget om å opne for bruk av statlig tvang i bosettingsarbeidet, gjennom å gi fylkesmannen en tilvisningsrett overfor kommunene. KS mener at dette er lite målrettet for å løse de utfordringene i bosettingsarbeidet som bidrar til for lang ventetid i mottak i dag. Det er fare for at en slik modell vil øke konfliktnivået lokalt, og dermed svekke integreringsarbeidet. KS mener at en slik tilvisningsrett snarere vil forsinke bosettingsprosessen ytterligere."

Administrasjon støtter også bekymringa jamfør økonomiske konsekvensar for framlegget til endring der KS skriver:

”Kommunene vil få høyere utgifter som følge av den foreslåtte bosettingsmodellen, da de vil risikere å måtte finne dyrere løsninger i påvente av at planlagte tilbud blir ferdigstilt. De risikerer også å miste deler av integreringstilskuddet viss de ikkje bosetter raskt nok. For noen kommuner kan det bety dyre investeringar for å tilrettelegge bosetting av et antall personer man ikkje har kapasitet for.”

Vurdering:

Generelt vurderer administrasjon KS sitt høyrings svar som dekkande for administrative vurderingar i høve høyringsbrev, og vil tilrå at kommunen sluttar seg til KS sitt høyrings svar.

Administrasjon vurderer mogleg etablering av tilvisningsrett i ny busetjingsmodell som lite tenleg. Det er naudsynt at kommunen sjølv kan ta ansvar og styring med busetjing og ivaretaking av flyktingar jamfør KS sitt høyrings svar.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Utval for levekår tilrå at Meland kommune sluttar seg til høyrings svar frå KS jamfør høyringa: Framlegg til ny busetjingsmodell – flyktingar.

Utvalet vil her særskilt peike på bekymringa for å opne for statleg tvang i busetjingsarbeidet, ved å gje fylkesmannen tilvisningsrett ovanfor kommunen.”

12.04.2011 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK-034/11 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Utval for levekår tilrå at Meland kommune sluttar seg til høyrings svar frå KS jamfør høyringa: Framlegg til ny busetjingsmodell – flyktingar.

Utvalet vil her særskilt peike på bekymringa for å opne for statleg tvang i busetjingsarbeidet, ved å gje fylkesmannen tilvisningsrett ovanfor kommunen.”

13.04.2011 FORMANNSKAPET

FS-053/11 SAMRØYSTES VEDTAK:

”Meland kommune sluttar seg til høyringssvar frå KS jamfør høyringa: Framlegg til ny busetjingsmodell – flyktingar.

Formannskapet vil her særskilt peike på bekymringa for å opne for statleg tvang i busetjingsarbeidet, ved å gje fylkesmannen tilvisningsrett ovanfor kommunen.”

Rett utskrift

Dato: 18.04.11

Randi Hilland

Kopi til:

Barne- og likestillings- og
inkluderingsdepartementet
Kommunalavd. for helse- og sosiale tenester
KS